

Fra: einar.lunde@fjell.kommune.no

Sendt: 08.10.2015 11:39:43

Til: ruth.paulson@Fjell.Kommune.no; unni.rygg@fjell.kommune.no; Øygarden kommune; firmapost@bkk.no; rv@nve.no; kabelnett@telenor.com; Margun.Landro@fjell.kommune.no; bergen.havn@bergen.kommune.no; postmottak@fiskeridir.no; postmottak@fmho.no; terje.handal@Fjell.Kommune.no; firmapost-vest@vegvesen.no; postboks@fjellvar.as; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; post@kystverket.no; Lennart.Fjell@fjell.kommune.no

Kopi:

Emne: Varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for ny veg FV 561 Kolltveit - Ågotnes

Vedlegg: 406214.PDF

Jnr: 13/2690

Varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for ny veg FV 561 Kolltveit - Ågotnes

Det vert det med dette varsla om oppstart av planarbeid for reguleringsplan for **Fv 561 Kolltveit – Ågotnes**. Varsling skjer i medhald av Plan og bygningslova §§ 12-3,12-8 og 12-14.

Det vil verte utarbeid to reguleringsplanar:

Ein plan for strekninga Kolltveit - Ågotnes og ein for Ågotnesområdet.

Planarbeidet skal utførast med grunnlag i vedteken kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Sotrasambandet delprosjekt 3, Rv 561 Kolltveit – Ågotnes. Dokumenta i saka kan ein finne på Statens vegvesen sine heimesider her: <http://www.vegvesen.no/Vegprosjekter/fv561sotranord>

Reguleringsplanane vil innehalde løysingar for både vegsystem og gang/ sykkelvegnett. Veganlegget vil omfatte veg i dagen, kryssløysingar, miljøtunell og bruer. Det kan vere aktuelt å planlegge vegen som ein 4-feltsveg med midtdelar. Dette vil verte avklara i løpet av planprosessen.

Framlegg til planavgrensing er vist på kartutsnitt som er vedlagt. Ein vil også finne dokumenta på kommunen si nettside https://www.fjell.kommune.no/Om_Fjell/Kunngjering/Arealplanar/Planoppstart/

Det vert gjort særskilt merksam på at området det vert varsla oppstart for er vesentleg større enn det som dei endelege reguleringsplanane vil omfatte.

Frist for å komme med merknader til planarbeidet er sett til 09. november 2015. Eg ber likevel om at eventuelle uttaler vert send så raskt som mogeleg.

Med helsing

Einar Lunde (s)
Sjefsingeniør

Vedlegg: Kartutsnitt som viser varsla planområde